

Styremøte Sirdal bygdekvinne 29.04.19

Til stades: Solveig Marie Ådneram, Helin Morel, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Tone Østtveit Kvinen og Anita Haugen

Sak 14/19: Etter basaren 29. mars

Det var vanskeleg å få til planleggingsmøte med skilaget, og det burde vore nokon frå styret med på planlegginga. Det var òg få som tok ansvar for å selja lodd på skiarenaen, men det vart seld ein del lodd når eit par jenter selde både på arenaen og på GP. Det vart selt mindre lodd på førehand, men mykje på basaren.

Det var nok mindre folk på basaren, men på grunn av lite folk på kjøkkenet, vart det ikkje talt kor mange som møtte denne gongen. På barnebordet var det 68 gevinstar og på vaksenbordet 60, og det var tre rundar med årsal med ti gevinstar til kvart. Både lodd og årer kosta kr. 10,-.

Overskotet vart kr. 39 321,57, sjå elles vedlegg, og dette deler me likt på laga; kr. 20 000,-. Sidan dette er eit samarbeid, vert det ikkje overrekket pengar, men det **må** opplysast om resultatet på medlemskvelden til Sirdal skilag i juni! Sirdal bygdekvinne kjøper ein lyktestolpe på arenaen for kr. 5000,- av sin del.

Sak 15/19: Kort frå årsmøtet i RBK

Det var eit keisamt møte utan store saker, men der det vart begått nokre feil, og der det var lite system på resolusjonsskrivinga som Solveig Marie var med på. Rogaland bygdekvinne har 90-årsjubileum i år.

Sak 16//19: Nye innbuarar

Helin og Åse-Berit har besøkt Lone og Terje, Ingrid og Stepán (?) og Bård (og Espen). Åse-Berit besøker Line og Ståle Granberg (Børge/Myraleitet) og Siri eller Åse-Berit besøker han som har overtatt hos Martin Handeland.

Sak 17//19: Komande (og avlyste) aktivitetar

a) Blometur

Åse-Berit har ansvar for blometuren, og føreslår sommarblomutsalet på Øksnevad vgs med omvising på skulen etterpå. Dei har opna gardsutsal med varer frå elevbedrifta på skulen (såper, knekkebrød og andre småting), keramikk, saft og stearinlys i tillegg til blomane. Ho har sjekka litt, og skal ringa for å høyra om det er mogleg å få ein avtale.

Me satsar på laurdag 11. eller tysdag 14.mai. Hugs ein matbit! Går ikkje det, kan Monikas gartneri på Ualand vera aktuelt.

b) Sommaravslutning

Helin og Anita har ansvaret, og Helin fortel at Ingvild har tenkt å ha konsert med "Myrull" på bygdetunet i juni. Det kan vera fint om SBK legg sommaravslutninga der, og betalar billetten for medlemmane. Helin sjekkar ut med Ingvild.

c) Fellesturar

Siri fortel at turen til Kvinen turiststasjon datt ut pga. vêr og føre, og at fjellturane ikkje er planlagde enno. Siri kallar inn til planleggingsmøte snarast mogleg, men etter 11. mai.